

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret

Møtestad: Kommunetunet

Møtedato: 13.10.2016

Tid: kl.17:00 - 21:00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Saklista vart gjort tilgjengeleg elektronisk 05.10.2016.

Møtet vart kunngjort på heimesida.

Desse medlemene møtte:	Parti
Agnete Digranes Årvik	Ap
Anne-Grete Gjerdevik	Ap
Atle Kvåle	Ap
Hans Ekeberg	Ap
William Sandven Lindborg	Ap
Roger Hoel	Du
Kristine Hjartnes	Frp
Magne Djuvik	Frp
Aud-May Boge	H
Lars Erik Dalland	H
Ranveig Næss	H
Bjarte Samnøy	Krf
Toralv Huse	Krf
Jan Birger Landøy	Sp
Margunn Yndestad Samnøy	Sp
Mikal Leigland	Sp
Peter - Hans de Zwarte	Sp
Richard Markhus	Sp
Gustav Folkestad	V

Forfall	Parti	Møtande varamedlemmer	Parti
Helge Mjånes	Ap	Bergfrid Norheim	Ap
Svein Lang	Sp	Bjørnar Vik	Sp

Møtenotat:

Inhabilitet:

Mikal Leigland, Sp, var inhabil i sak 67/16. Haldor Tuft, Sp, møtte som vararepresentant.

Aud May Boge, H, var inhabil i prosjekt 080 i sak 67/16. Ola Dale, H, møtte som vararepresentant.

Mikal Leigland, Sp, var inhabil i sak 72/16. Haldor Tuft, Sp, møtte som vararepresentant.

Mikal Leigland, Sp, var inhabil i sak 76/16. Inhabiliteten var ikkje meldt inn, og vararepresentant var difor ikkje kalla inn i denne saka.

Andre som var tilstades på møtet:

Konstituert rådmann Elisabeth Farstad

Ansvarleg sekretær Gunn Sissel Teigen

Følgjande møte i heile eller deler av møtet:

Einingsleiar helse, familie og velferd Anne Skagseth

Flyktningekoordinator Linda Kjosaa

Einingsleiar undervisning Anne- Merete Hellebø

Einingsleiar barnehage Irene Kvåle Foer

Einingsleiar samfunnsutvikling, økonomi og service Terje Raunsgard

Markering av framragande prestasjonar innan volleyball!

Fusa kommune v/ordfører Atle Kvåle gratulerte idrettsutøverane: Anders Mol, Terian Kaelo, Maria Åsmul, Magnus Tuft Soltvedt og Markus Mol! Ordfører gav dei gåvebrev og takka for framragande innsats og resultat innan volleyball og sandvolleyball !

Blomehelsing vart overrekt då ordføreren samtidig nytta høvet til å takka trenarparet Merita og Kåre Johan Mol! Deira trenar- og leiarinnsats gjennom mange år har gitt fantastiske resultat i Fusa, nasjonalt og internasjonalt!

Orienteringar frå ordfører

"Ros til tilsette og kommunestyret:

Det blir jevnleg gjennomført ulike rangeringar av kommunetenester. Den siste som er offentleggjort er i regi av Forbrukerrådet og gjeld informasjon og service. Det må gle oss alle at Fusa kommune er best i Hordaland på dei målingane som er gjennomført.

Ordføreren vil på vegne av kommunestyret gje ros til dei tilsette i Fusa kommune for det arbeidet som er gjort og som blir gjort innafor dette området.

Alle tilsette står på kvar dag for innbyggjarane i Fusa kommune. Eg vil retta ei stor takk for dette gode arbeidet og håpar slike resultat gjer motivasjon og inspirasjon framover. I tillegg syner Kostra – tala at me i Fusa kommune innafor rammebetingelsane leverer gode tenester til innbyggjarane våre.

Det er alltid ynskjeleg med utvida rammer, men kunsten er å skapa gode tenester med dei rammene me til ei kvar tid har.

Dette blir gjennomført på ein god måte, men det krev det me kallar budsjett disiplin i alle ledd.

Stikkord her er : kvalitet i alle ledd ikkje minst for oss politikarar. Når i tillegg NHO – sitt næringsbarometerbarometer syner at Fusa ligg heilt i toppskiktet, har me all grunn til å vera stolte av kommunen vår og ikkje minst næringslivet vårt. Eit godt og velfungerande næringsliv er bærebjelken for velferdsstaten.

Kva er så ei viktig oppgåve for oss i kommunestyret?

Etter ordføreren si meining har me fortsatt eit forbettringspotensiale i å framsnakka våre dyktige tilsette og å framsnakka kommunen vår."

"Ei helt anna sak som ordføreren sette på dagsorden er handtering av habilitet i politisk handsaming.

Eg vil gje stor ros til kommunestyrerepresentantane for den ryddighet som eg oppfatta me har på dette viktige området. Dette er eit av fleire område som byggjer tillit hos innbyggjarane våre."

"Ordfører har behov for å dela tankar med kommunestyret og administrasjonen når det gjeld tilhøvet rundt varslingsinstituttet generelt og i offentleg sektor spesielt.

Ein nylig publisert FAFO – rapport signaliserer ei bekymringsfull utvikling for varslarar. Rapporten seier at det er på tide at leiarar tar nødvendige grep.

Kommunestyret har som alle veit eit arbeidsgjevaransvar for i vårt tilfelle alle tilsette i Fusa kommune. Forholdet for arbeidstakarar, som varslar om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen, har forverra seg på landsbasis. Fleire blir utsatt for represalier, og færre meiner det hjelper å varsle når noko er galt.

Dette er den triste konklusjonen i ei fersk undersøking som forskingsstiftelsen FAFO har stått for.

Verst er det i offentleg sektor.

Arbeidsgjevarar, leiarar og fagbevegelse har ein stor jobb å gjera for å retta opp i forholda. I følgje undersøkingar har antallet som er møtt med represalier auka frå 13 til 25 % frå 2010 til 2016. På same tid har antalet som svarer at det hjelper å varsle falt frå ca. 50 % til 36 %.

Den forverra situasjonen er overraskande. Som kjent for alle her har arbeidsmiljølova gitt varslarar eit sterkare rettsvern. Nye reglar for handtering av varslersaker er på trappene. Også i offentlegheiten har varslarane sin situasjon i ei rekke av mediesaker blitt satt på dagsorden. Me kjenner alle til politiet si handtering av den såkalla Monica – saka.

Undersøkingar viser også at det dessverre er i offentleg sektor at problema er størst. Denne utviklinga er alvorleg og burde bekymra oss alle. At arbeidstakarar i dei offentlege institusjonane som skal jobba for oss alle, ikkje føler at dei kan kritisera arbeidsgjevaren av frykt for represalier kan få store konsekvensar. Det er etter ordføraren si oppfatning uforeineleg med god leiing å hindra dei tilsette sin yringsrett og å knebla kritikk.

Det er ein type leiarskap som kan vera eit symptom på noko enda verre, nemleg ein fryktkultur som umulig kan gje god effektivitet eller på sikt gode tenester. Organisasjonskultur prega av frykt og usikkerhet gjev eit dårleg arbeidsmiljø. Undersøkingar har vist at 15 % av varslingssakene har endt med sjukefråvær. Det er sløsing med ressursar, for å sei det forsiktig. Ansvar for eit godt og opent arbeidsmiljø fell på leiinga.

I offentleg sektor strekkjer det ansvaret seg til politisk leiing, enten i stat, fylke eller kommune.

Dersom det ikkje blir tatt eit kulturelt krafttak frå øverste hald, er ein redd for at det vil skje fint lite.

Leiarane må få klar beskjed om at varslarar skal lyttast til. Det er godt leiarskap at varslarar ikkje skal bli knebla eller at dei ikkje skal bli sanksjonert av di dei seier ifra.

Det mest virkningsfulle tiltaket vil etter ordføraren si oppfatning vera at det blir «rotfesta» i vår kultur at varsling faktisk er eit gode og noko verksemdene ynskjer. Dette innber at vi må etablera ei massiv endring av kultur og haldningar også i vår organisasjon. For Fusa kommune sin del må dette sjåast på som ein del av internkontrollen. Dette krev at leiarane blir bevisstgjort sin rolle på dette området gjennom kompetanseheving og ansvarleggjing. Godt leiarskap er å ta desse utfordringane på største alvor.

Eg vil avslutningsvis be om at rådmannen grip fatt i dette viktige arbeidet."

Merknader til innkalling og sakliste:

Ingen merknader til innkalling og sakliste. Ingen merknader til at sak 77/16 og sak 78/16 vart handsama. Saklista vart samrøystes endra slik: Sak 72/16 vart handsama før sak 69/16.

Ordførar Atle Kvåle, Ap, leia møtet.

Evt. merknader til protokollen må sendast til Fusa kommune innan 14 dagar.

Eikelandsosen, 14.10.2016

Atle Kvåle
Ordførar

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Sakliste

Sak nr.	Tittel
066/2016	Godkjenning av møteprotokoll
067/2016	Prosjektrapportering formannskapet 2016
068/2016	Tertialrapport pr. 1.9.2016
069/2016	Handlingsplan for busetjing og integrering av flyktningar i Fusa kommune 2016-2020
070/2016	Planprogram for kommunedelplan for kultur 2016-2027
071/2016	Framlegg til gards- og bygdenamn i Fusa
072/2016	Søknad om skjenkeløyve - perioden til og med 30.09.2020 - Handelslaget - Patricia på Handelslaget
073/2016	Selskapsavtale for IKA Hordaland - endringar
074/2016	Kommunereforma - vidare arbeid
075/2016	Framlegg til planprogram for kommunedelplan for akvakultur
076/2016	Detaljregulering for Stallabrotet øvre, bustadfelt - Godkjenning av plan
077/2016	Kommunal representant med møte og uttalerett i styret til Hålandsdalen Montessorri skule
078/2016	Kommunal representant med møte og uttalerett i styret til Strandvik Montessorri skule

066/2016: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå møtet 22.09.2016 vert godkjent.

Kommunestyret 13.10.2016:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KOM- 066/2016 Vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 22.09.2016 vert godkjent.

067/2016: Prosjektrapportering formannskapet 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Reasfaltering av del av Torsneset og veg i Eikelandsheiane industriområde i vert utført i samsvar med prosjektrapporten. Prosjektrapporten vert forøvrig teken til etterretning.

Kommunestyret 13.10.2016:

Handsaming:

Mikal Leigland, Sp, stillte spørsmål om han var inhabil då han er involvert som entreprenør i fleire av prosjekta. Han kjenner seg inhabil. Han gjekk frå og Haldor Tuft, Sp, tok plass som vara. Mikal Leigland vart samrøystes kjend inhabil. Jf. kommunelova § 40 nr 3 og forvaltningslova §6 1. og 2. ledd.

I prosjekt opprustning vegar – prosjekt 080

Aud May Boge, H, stillte spørsmål om ho var inhabil då rådmannen har fremja forslag til asfaltering av veg på Eikelandsheiane industriområde. Familien har direkte og indirekte eigarinteresser på Heiane. Ho gjekk frå og Ola Dale, H, tok plass i møtet. Framlegget frå ordførar Atle Kvåle, Ap, om at Aud May Boge var inhabil, vart samrøystes vedteke.

Fellesframlegg fremja av Bjarte Samnøy, Krf, vart samrøystes vedteke: Prosjekt rapportering sak 80.

Kommunestyret ynskjer at ekstra midlane blir brukt etter vedtak i sak 24/16, disponering utover dette må fremjast i eiga sak der politikarane får høve til å prioritera på lik linje med andre behov på kommunale vegar.

Ola Dale, H, gjekk frå og Aud May Boge, H, tok plass i møtet.

Fellesframlegg fremja av Aud May Boge, H,:

Prosjekt Molo i Eikelandsosen

Viser til kommunestyresak 50/2016 der det vart bevilga inntil 500.000,- til molo, finansiert over tiltak 230 i investeringsbudsjett for 2016.

Prosjekt Molo i Eikelandsosen er no stoppa, og tiltak 230 i investeringsbudsjett for 2016 vert derfor uendra i forhold til opprinneleg budsjett.

Felles framlegg fremja av Aud May Boge nedanfor vart samrøystes vedteke.

Tertialrapporten vart elles samrøystes teke til etterretning.

KOM- 067/2016 Vedtak:

Prosjekt rapporttering sak 80.

Kommunestyret ynskjer at ekstra midlane blir brukt etter vedtak i sak 24/16, disponering utover dette må fremjast i eiga sak der politikarane får høve til å prioritera på lik linje med andre behov på kommunale vegar.

Prosjekt Molo i Eikelandsosen

Viser til kommunestyresak 50/2016 der det vart bevilga inntil 500.000,- til molo, finansiert over tiltak 230 i investeringsbudsjett for 2016.

Prosjekt Molo i Eikelandsosen er no stoppa, og tiltak 230 i investeringsbudsjett for 2016 vert derfor uendra i forhold til opprinneleg budsjett.

Tertialrapporten vart elles samrøystes teke til etterretning.

Formannskapet 28.09.2016:

Handsaming:

Uttaler frå senior- og funksjonsrådet og ungdomsrådet var distribuert ut via iPad og på heimesida.

I prosjekt opprustning vegar – prosjekt 080

Aud May Boge, H, stilte spørsmål om ho var inhabil då rådmannen har fremja forslag til asfaltering av veg på Eikelandsheiane industriområde. Familien har eigarinteresser i bedrift på Heiane. Ho gjekk frå då dette prosjektet vart handsama. Inhabiliteten var ikkje meldt inn, og det var difor ikkje kalla inn vararepresentant.

Mikal Leigland, Sp, stilte spørsmål om han var inhabil då rådmannen har fremja forslag til asfaltering av veg på Eikelandsheiane industriområde. Han har eigarinteresser i bedrift på Heiane. Han gjekk frå då dette prosjektet vart handsama. Inhabiliteten var ikkje meldt inn, og det var difor ikkje kalla inn vararepresentant.

Det vart ikkje votert over inhabiliteten.

Ordførar Atle Kvåle, Ap, fremja følgjande forslag:

Saka vert sendt vidare til handsaming i kommunestyret utan votering då rådmannen sitt forslag inneheld forslag til endra prioriteringar sett i høve til kommunestyret si

prioritering.

Framlegget frå ordførar Atle Kvåle vart samrøystes tilrådd.

FOR- 059/2016 Vedtak:

Saka vert sendt vidare til handsaming i kommunestyret utan votering då rådmannen sitt forslag inneheld forslag til endra prioriteringar sett i høve til kommunestyret si prioritering.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 26.09.2016:

Handsaming:

Ulf Lie sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke:
Senior- og funksjonsrådet tek saka til orientering. (6 r)

RAAD- 038/2016 Vedtak:

Senior- og funksjonsrådet tek saka til orientering.

Ungdomsrådet 26.09.2016:

Handsaming:

Fusa ungdomsråd tok saka samrøystes til etterretning.

UNG- 037/2016 Vedtak:

Fusa ungdomsråd tek saka til etterretning.

068/2016: Tertialrapport pr. 1.9.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen legg saka fram utan tilråding.

Kommunestyret 13.10.2016:

Handsaming:

Margunn Y. Samnøy, Sp, fremja følgjande fellesframlegg:

Tertialrapporten viser at Fusa kommune er pressa på tenester og bruker meir enn budsjettet. Samla overforbruk på kr. 4.260.000 er alarmerande.

Innsparingstiltaka rådmann føreslår vert ikkje gjennomført.

Overforbruk innan Ansvar 2 på kr. 410 000, Ansvar 4 på kr. 350 000 og Ansvar 5 på kr. 2500 000vert dekkja av disposisjonsfond. Dette er overskridingar politisk nivå er varsla om tidlegare.

Overforbruk innan ansvar 7 på kr. 1000 000vert ikkje dekkja og eininga må finna dekning innan eigen vedtatt ramme.

Lars Erik Dalland, H, fremja følgjande fellesframlegg:

Kommunestyret krev at teknisk drift straks iverksette naudsynte tiltak for å få slutført reguleringsplanarbeidet v/Søre Fusa oppvekstsenter - ny snuplass bussar, investeringstiltak nr. 33.

Fellesframlegga frå Margunn Y. Samnøy, Sp, og Lars Erik Dalland vart samrøystes vedteke.

KOM- 068/2016 Vedtak:

Tertialrapporten viser at Fusa kommune er pressa på tenester og bruker meir enn budsjettet. Samla overforbruk på kr. 4.260.000 er alarmerande.

Innsparingstiltaka rådmann føreslår vert ikkje gjennomført.

Overforbruk innan Ansvar 2 på kr. 410 000, Ansvar 4 på kr. 350 000 og Ansvar 5 på kr. 2500 000vert dekkja av disposisjonsfond. Dette er overskridingar politisk nivå er varsla om tidlegare.

Overforbruk innan ansvar 7 på kr. 1000 000vert ikkje dekkja og eininga må finna dekning innan eigen vedtatt ramme.

Kommunestyret krev at teknisk drift straks iverksette naudsynte tiltak for å få slutført reguleringsplanarbeidet v/Søre Fusa oppvekstsenter - ny snuplass bussar,

investeringstiltak nr. 33.

Formannskapet 28.09.2016:

Handsaming:

Uttaler frå senior- og funksjonsrådet og ungdomsrådet var distribuert ut via iPad og på heimesida.

Margunn Y. Samnøy, Sp, fremja følgjande felles framlegg frå Ap, Frp, H, Krf, Sp,:

Tertialrapporten viser at Fusa kommune er pressa på tenester og bruker meir enn budsjettet. Samla overforbruk på kr. 4.260.000 er alarmerande. Innsparingstiltaka rådmann føreslår vert ikkje gjennomført. Overforbruk innan Ansvar 2, 4 og 5 vert detta av disposisjonsfond. Dette er overskridingar politisk nivå er varsla om tidlegare. Overforbruk innan ansvar 7 vert ikkje dekkja.

Felles framlegg fremja av Margunn Y. Samnøy, Sp, vart samrøystes tilrådd.

FOR- 060/2016 Vedtak:

Tertialrapporten viser at Fusa kommune er pressa på tenester og bruker meir enn budsjettet. Samla overforbruk på kr. 4.260.000 er alarmerande. Innsparingstiltaka rådmann føreslår vert ikkje gjennomført. Overforbruk innan Ansvar 2, 4 og 5 vert detta av disposisjonsfond. Dette er overskridingar politisk nivå er varsla om tidlegare. Overforbruk innan ansvar 7 vert ikkje dekkja.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 26.09.2016:

Handsaming:

Felles forslag fremja av Ulf Lie vart samrøystes vedteke (6 r):

Tertialrapport pr.1.9.2016 viser underskudd. Ansvar 4 og 5 Helse, Pleie og Omsorg kan vanskelig dekke underskuddet intent uten vesentlige kutt som vil gå ut over eldre og utviklingshemmede i kommunen. Senior- og funksjonsrådet vil advare mot kutt i disse sektorene, inklusive FBBS, og møteplasser for eldre og psykisk utviklingshemma.

Det vil sette kommunens omsorgsarbeid vesentlig tilbake og sette de svakeste opp mot andre grupper.

Senior- og funksjonsrådet viser til rapportens vurdering på side 38, nest siste avsnitt. Vi inviterer rådmannen til en innledning til diskusjon om dette på vårt neste møte.

RAAD- 039/2016 Vedtak:

Tertialrapport pr.1.9.2016 viser underskudd. Ansvar 4 og 5 Helse, Pleie og Omsorg kan vanskelig dekke undeskuddet intent uten vesentlige kutt som vil gå ut over eldre og utviklingshemmede i kommunen. Senior- og funksjonsrådet vil advare mot kutt i disse sektorene, inklusive FBBS, og møteplasser for eldre og psykisk utviklingshemma.

Det vil sette kommunens omsorgsarbeid vesentlig tilbake og sette de svakeste opp mot andre grupper.

Senior- og funksjonsrådet viser til rapportens vurdering på side 38, nest siste avsnitt. Vi inviterer rådmannen til en innledning til diskusjon om dette på vårt neste møte.

Ungdomsrådet 26.09.2016:

Handsaming:

Fusa ungdomsråd tok saka samrøystes til etterretning.

UNG- 036/2016 Vedtak:

Fusa ungdomsråd tek saka til etterretning.

069/2016: Handlingsplan for busetjing og integrering av flyktingar i Fusa kommune 2016-2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen tilrår at kommunestyret:

1. vedtek handlingsplanen slik den føreligg
2. utset vedtaket om busetjing av einslege mindreårige i 2017 til ein har fått ny skriftleg instruks frå Integrerings- og Mangfoldsdirektoratet
3. vedtek bygging/kjøp av fem nye leilegheiter i fyrste omgang, for så å vurdere vidare utbygging eller kjøp i februar 2017
4. set årleg overskot av flyktingetilskot på fond øyremerka drift av introduksjonsprogram, bufellesskap for einslege mindreårige og andre nødvendige tenester

Kommunestyret 13.10.2016:

Handsaming:

Einingsleiar Anne Skagseth og flyktingekoordinator Linda Kjosaas orienterte og svara på spørsmål.

Oppdaterte mottakstal for 2016 vart orientert om.

Rådmann Elisabeth Farstad ba om at pkt 4 vart trekt ut og kommunestyret gjorde så følgjande samrøystes vedtak:

Kommunestyret

1. vedtek handlingsplanen slik den føreligg
2. utset vedtaket om busetjing av einslege mindreårige i 2017 til ein har fått ny skriftleg instruks frå Integrerings- og Mangfoldsdirektoratet
3. vedtek bygging/kjøp av fem nye leilegheiter i fyrste omgang, for så å vurdere vidare utbygging eller kjøp i februar 2017

KOM- 069/2016 Vedtak:

Kommunestyret

1. vedtek handlingsplanen slik den føreligg
2. utset vedtaket om busetjing av einslege mindreårige i 2017 til ein har fått ny skriftleg instruks frå Integrerings- og Mangfoldsdirektoratet
3. vedtek bygging/kjøp av fem nye leilegheiter i fyrste omgang, for så å vurdere vidare utbygging eller kjøp i februar 2017

Formannskapet 28.09.2016:

Handsaming:

Uttaler frå senior- og funksjonsrådet og ungdomsrådet var distribuert ut via iPad og på heimesida.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR- 061/2016 Vedtak:

Rådmannen tilrår at kommunestyret:

1. vedtek handlingsplanen slik den føreligg
2. utset vedtaket om busetjing av einslege mindreårige i 2017 til ein har fått ny skriftleg instruks frå Integrerings- og Mangfoldsdirektoratet
3. vedtek bygging/kjøp av fem nye leilegheiter i fyrste omgang, for så å vurdere vidare utbygging eller kjøp i februar 2017

4. set årleg overskot av flyktningetilskot på fond øymerka drift av introduksjonsprogram, bufellesskap for einslege mindreårige og andre nødvendige tenester

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 26.09.2016:

Handsaming:

Ulf Lie sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke:

Senior- og funksjonsrådet berømmar kommunen for godt planarbeid og støtter forslaget om etablering av fond til dekning av senere utgifter.

Da vi på møtet 12.09.2016 ba om å få fremlagt instruks for psykologen, var vi spesielt interessert i ansvaret overfor flyktingene.

Det blir en vesentlig økning av flytninger i kommunen. Kommunen må ha et klart ansvar for frivillige besøksvenner, og det er ytterligere behov for systematisk rekruttering av besøksvenner.

RAAD- 051/2016 Vedtak:

Senior- og funksjonsrådet berømmar kommunen for godt planarbeid og støtter forslaget om etablering av fond til dekning av senere utgifter.

Da vi på møtet 12.09.2016 ba om å få fremlagt instruks for psykologen, var vi spesielt interessert i ansvaret overfor flyktingene.

Det blir en vesentlig økning av flytninger i kommunen. Kommunen må ha et klart ansvar for frivillige besøksvenner, og det er ytterligere behov for systematisk rekruttering av besøksvenner.

Ungdomsrådet 26.09.2016:

Handsaming:

Fusa ungdomsråd tek saka samrøystes til etterretning.

UNG- 047/2016 Vedtak:

Fusa ungdomsråd tek saka til etterretning.

070/2016: Planprogram for kommunedelplan for kultur 2016-2027

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune vedtek med heimel i Plan- og bygningslova § 11-13 framlegg til Planprogram for Kommunedelplan for kultur 2016-2027, slik det ligg føre i utkast dagsett 29.6.2016

Siste setninga i punkt 4.4 Kommunereforma, får slik ny ordlyd:

Sjølv om det er gjort vedtak om å gå saman med Os kommune i ein ny storkommune frå 1.1. 2020, vil kulturplanen uansett vera eit nyttig styringsverktøy og eit godt utgangspunkt for eit vidareført planarbeid i ein ny og større kommune.

Kommunestyret 13.10.2016:

Handsaming:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KOM- 070/2016 Vedtak:

Fusa kommune vedtek med heimel i Plan- og bygningslova § 11-13 framlegg til Planprogram for Kommunedelplan for kultur 2016-2027, slik det ligg føre i utkast dagsett 29.6.2016

Siste setninga i punkt 4.4 Kommunereforma, får slik ny ordlyd:

Sjølv om det er gjort vedtak om å gå saman med Os kommune i ein ny storkommune frå 1.1. 2020, vil kulturplanen uansett vera eit nyttig styringsverktøy og eit godt utgangspunkt for eit vidareført planarbeid i ein ny og større kommune.

Formannskapet 28.09.2016:

Handsaming:

Uttaler frå senior- og funksjonsrådet og frå ungdomsrådet var distribuert ut via iPad og på heimesida.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR- 062/2016 Vedtak:

Fusa kommune vedtek med heimel i Plan- og bygningslova § 11-13 framlegg til Planprogram for Kommunedelplan for kultur 2016-2027, slik det ligg føre i utkast dagsett 29.6.2016

Siste setninga i punkt 4.4 Kommunereforma, får slik ny ordlyd:

Sjølv om det er gjort vedtak om å gå saman med Os kommune i ein ny storkommune frå 1.1. 2020, vil kulturplanen uansett vera eit nyttig styringsverktøy og eit godt utgangspunkt for eit vidareført planarbeid i ein ny og større kommune.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 26.09.2016:

Handsaming:

Ulf Lie sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke:
Senior- og funksjonsrådet tek saka til etterretning

RAAD- 040/2016 Vedtak:

Senior- og funksjonsrådet tek saka til etterretning

Ungdomsrådet 26.09.2016:

Handsaming:

Fusa ungdomsråd tok saka samrøystes til etterretning.

UNG- 038/2016 Vedtak:

Fusa ungdomsråd tek saka til etterretning.

071/2016: Framlegg til gards- og bygdenamn i Fusa

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune vedtek namneforma Øvre Hålandsdal som grendenamn med heimel i § 5 i Lov om stadnamn.

Med heimel i § 6 i Lov om stadnamn vil Fusa kommune gje slik tilråding for fastsetjing av namneform for gnr 51 og gnr 125 i Fusa kommune:

Fusa kommune ser ikkje nokon grunn til å endra den namnebruken som i dag er innarbeidd og vil rå til at Abotnes vert vald som namneform for gardsnr 125.

Fusa kommune vil rå til at namnet på gardsnr 125 vert Tjønn. Dette er både ei dialaktnær, men samstundes ei normalisert form.

Kommunestyret 13.10.2016:

Handsaming:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KOM- 071/2016 Vedtak:

Fusa kommune vedtek namneforma Øvre Hålandsdal som grendenamn med heimel i § 5 i Lov om stadnamn.

Med heimel i § 6 i Lov om stadnamn vil Fusa kommune gje slik tilråding for fastsetjing av namneform for gnr 51 og gnr 125 i Fusa kommune:

Fusa kommune ser ikkje nokon grunn til å endra den namnebruken som i dag er innarbeidd og vil rå til at Abotnes vert vald som namneform for gardsnr 125.

Fusa kommune vil rå til at namnet på gardsnr 125 vert Tjønn. Dette er både ei dialaktnær, men samstundes ei normalisert form.

Formannskapet 28.09.2016:

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart sanrøystes tilrådd.

FOR- 063/2016 Vedtak:

Fusa kommune vedtek namneforma Øvre Hålandsdal som grendenamn med heimel i § 5 i Lov om stadnamn.

Med heimel i § 6 i Lov om stadnamn vil Fusa kommune gje slik tilråding for fastsetjing av namneform for gnr 51 og gnr 125 i Fusa kommune:

Fusa kommune ser ikkje nokon grunn til å endra den namnebruken som i dag er innarbeidd og vil rå til at Abotnes vert vald som namneform for gardsnr 125.

Fusa kommune vil rå til at namnet på gardsnr 125 vert Tjønn. Dette er både ei dialaktnær, men samstundes ei normalisert form.

072/2016: Søknad om skjenkeløyve - perioden til og med 30.09.2020 - Handelslaget - Patricia på Handelslaget

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i alkohollova gjev Fusa kommune skjenkeløyve til Patricia Da Rosa Viera – på følgjande vilkår:

Serveringsstaden sitt namn:	Handelslaget – Patricia på Handelslaget
Adresse:	5643 Strandvik
Tidsrom for løyvet:	14.10.2016 – 30.09.2020
Løyvehavar:	Patricia Da Rosa Viera f. 04.04.86 – (org.nr. 915273106 (enkelpersonføretak Patricia Da Rosa Viera)–
Styrar for løyvet:	Patricia Da Rosa Viera –
Avløyсар	Magnhild Nordtveit f 1970
Forretningskonsept –	Cafe, restaurant Jf. søknad av 08.07.16
Forretningslokalet sitt areal	Jf søknad av 08.07.16.
Alkoholvare og skjenketid:	Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 (Øl, vin) frå kl 13.00 – 01.30, jf. elles §4-4 og kommunale retningslinjer Alkoholhaldig drikk gruppe 3 (Brennevin) frå kl 13.00 – 00.30, jf. elles §4-4 og kommunale retningslinjer. Lukketid vert ein halv time etter at skjenketida er slutt; kl 02.00. Etter kl 01.00 kan det ikkje sleppast inn nye gjester. Skjenketid for uteservering: Gruppe 1, 2 og 3 fram til kl 0030, fortærings- og stengetid til kl 0100. Jf. elles §4-4 og kommunale retningslinjer.
Omfang:	Alminneleg løyve
Løyvegebyr:	Vert fastsett i samsvar med forskrift heimla i alkohollova §7-1

Skjenkeløyvet vert gitt under føresetnad av at nødvendig godkjenning frå m.a. mattilsynet og brannvernmyndigheter til ei kvar tid foreligg.

Vandelskrava i alkohollova er vesentleg skjerpa f.o.m. 01.01.98. Dette vil m.a. kunna føra til at løyve vert inndrege dersom vilkåra i §1-7 b ikkje lenger er oppfylt, eller dersom løyvehavar ikkje oppfyller sine plikter etter alkohollova eller reglar gitt med heimel i den.

